



Dato.: tysdag, 2. juni 2015

Til medlemmane i NLT Sunnfjord

Info til medlemmane

Utbetaling av tilskotet for 2014 vert utbetalt 3.juni. Nytt av året er at tilskotet no vert utbetalt direkte til bonden, og vi vil derfor oppmode alle om å føre dette over til NLT sunnfjord sin konto. Det er no viktig at alle passar på å vere ajour til ein kvar tid, slik at vi kan oppretthalde ein god likviditet. **Vårt kontonummer er 3841 05 00601**

Landbruksvikarar

Vi har no 2 landbruksvikarar i full drift. Vegard Hellem og Terese Auflem Tenden, i tillegg har vi nokre «freelance» avløyssarar som tek avløyssaroppdrag. Vegard er ein del opptatt fram mot ferien, men Terese har nokre ledige periodar. Så om du treng hjelp er det berre å ta kontakt. Det er også mulig å komme med ynskjer utover hausten.

HMS

NLT Sunnfjord jobbar for at avløyssarane våre skal ha ein trygg arbeidsplass. Dette må du som bonde hjelpe oss med. Det er du som er ansvarleg for tryggleiken på din gard. Vi har laga nokre rutinar angående HMS som du finn på heimesida vår, og som alle bør lese. I haust sende vi ut ein HMS skjema som går på dette med ansvarsforhold, til alle medlemmer. Dette skal underskrivast og returnerast til oss. Vi har fått inn ein god del, men om du er ein av dei som ikkje har levert ber vi om at du snarast gjer det. Du finn skjemaet på www.landbruk.org, eller ring oss så sender vi eit nytt.

Feriepengane vert utbetalt den 10.juni. Frist for å levere timelister er 5.juni.

Ferieavvikling på kontoret

Vert gjennomført i juli/august, så då vil det vere redusert opningstid på kontoret, nokre veker vert det heilt stengt. Vi vil etter kvart legge info om dette ut på heimsida/facebooktida vår.

VI VIL YNSKJE ALLE EIN GOD OG GRØDERIK SOMMAR.

Mvh
NLT Sunnfjord
Jonny og Kari.